

Formål

Tilskota skal brukast til formål relatert til oppgåver i spesialisthelsetenesta og tenester som blir gitt på samhandlingsarenaer, og i samarbeid mellom spesialist- og kommunehelseteneste.

Organisasjonar som kan få tilskot

- Tilskot kan givast til brukarorganisasjonar som blir drivne av brukarar, har valt styre og der opplæring og eigenmeistring er sentrale formål.
- Som hovudregel vil fylkeslaga til brukarorganisasjonane bli prioritert. For organisasjonar som har både fylkesledd og regionledd, blir fylkesleddet prioritert. Lokalforeningar der det ikkje er fylkeslag, kan søkje.

Kva blir det gitt det tilskot til?

Tilskot kan givast til drift retta mot oppgåvene i spesialisthelsetenesta, og til spesielle konkrete formål/aktivitetar. I tillegg vil det bli lagt vekt på følgjande punkt i vurderinga av søknadene:

- Brukarorganisasjonane si opplæring av brukarrepresentantar/tillitsvalde og organisering/koordinering av brukarrepresentasjon i spesialisthelsetenesta, for eksempel til forskning.
- Brukarorganisasjonane sine eigne informasjons-/opplærings- og meistringskurs, fortrinnsvis i samarbeid med helsepersonell.
- Brukarorganisasjonane si eiga opplæring i og utøving av organisert, frivillig likepersonarbeid i helsetenesta.
- Brukarorganisasjonane sitt arbeid med rekruttering av unge, og personar med fleirkulturell bakgrunn som brukarrepresentantar og likepersonar.

Utlysing, frist, søknadsskjema

- Utlysing blir lagt ut på nettsida 1. november 2016.
- Søknadsfrist er 1. desember 2016.
- Bruk søknadsskjemaet som finst på www.helse-vest.no (lenke ligg over denne teksten).
- I søknadsskjemaet skal det gjerast greie for planar, aktivitetar og budsjett (driftsmidlar) for 2017. Årsmelding og rekneskap 2015 skal leggjast ved søknadsskjemaet.

Rapportering

- Rapport om bruken av midlane for 2017 skal sendast Helse Vest ved søknaden om tilskot for 2019.
 - Rapporten (årsmeldinga) skal innehalde omtale av kva midlane er brukte til, og at dei er brukt i høve til tildelinga som beskrive i tildelingsbrevet.
 - For tilskot over kr 1 000.000,- skal rekneskap frå revisor følgje med. Revisor skal ikkje vere medlem av styret.

Retningslinjene er lagt fram for [det regionale brukarutvalet](#).